

## KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/10/27

av 6. april 2004

**om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til kjøleskap, og om endring av vedtak 2000/40/EF(\*)***[meldt under nummeret K(2004) 1414]*

(2004/669/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 1 andre leddet, etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan fellesskapsmiljømerket tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) I forordninga er det òg fastsett at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for den aktuelle produktgruppa, gjeld for.

4) Dei miljøkriteria som vart fastsette ved kommisjonsvedtak 2000/40/EF av 16. desember 1999 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til kjøleskap<sup>(2)</sup>, bør reviderast, slik at det vert teke omsyn til marknadsutviklinga. Tidsrommet som kriteria skal gjelde for, bør samstundes endrast.

5) Det bør gjerast eit nytt vedtak der det vert fastsett særskilde miljøkriterium for denne produktgruppa som skal gjelde i eit tidsrom på tre år.

6) Det bør innførast ein overgangsperiode på høgst 18 månader, slik at produsentar som har fått tildelt miljømerket for produkta sine før 1. mai 2004 eller har søkt om slik tildeling før denne datoen, har nok tid til å kunne tilpasse desse produkta slik at dei vert i samsvar med dei nye kriteria.

7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, byggjer på det utkastet til kriterium som vart utarbeidd av Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen, som vart oppnemnt i medhald av artikkel 13 i forordning (EF) nr. 1980/2000.

8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 306 av 2.10.2004, s. 16, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 18/2005 av 4. februar 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 32 av 23.6.2005, s. 24

(<sup>1</sup>) TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

(<sup>2</sup>) TEF L 13 av 19.1.2000, s. 22. Vedtaket endra ved vedtak 2004/214/EF (TEU L 67 av 5.3.2004, s. 23).

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 må eit apparat høyre inn under produktgruppa «kjøleskap» slik det er definert i artikkel 2, og støtte dei miljøkriteria som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

*Artikkel 2*

Produktgruppa «kjøleskap» skal omfatte alle nettdrivne elektriske kjøleskap, frysenskap, fryseboksar og kombinasjonar av slike til hushaldsbruk. Dette vedtaket omfattar ikkje apparat som òg kan drivast med andre energikjelder, t.d. batteri.

*Artikkel 3*

For administrative føremål vert produktgruppa «kjøleskap» tildelt kodennummeret «012».

*Artikkel 4*

I vedtak 2000/40/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Dette vedtaket skal nyttast fram til 30. april 2004».

*Artikkel 5*

Dette vedtaket, bortsett frå artikkel 4, skal nyttast frå 1. mai 2004 til 31. mai 2007.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «kjøleskap», og som alt har fått tildelt miljømerket før 1. mai 2004, kan halde fram med å nytte merket fram til 31. oktober 2005.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «kjøleskap», og som har søkt om å få tildelt miljømerket for desse produkta før 1. mai 2004, kan få tildelt miljømerket på dei vilkåra som er fastsette i vedtak 2000/40/EF. I slike tilfelle kan merket nyttast fram til 31. oktober 2005.

*Artikkel 6*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 6. april 2004.

*For Kommisjonen*

Margot WALLSTRÖM

*Medlem av Kommisjonen*

## VEDLEGG

## MILJØKRITERIUM

## MÅLSETJING

For at eit apparat skal kunne tildelast miljømerket, må det stette kriteria i dette vedlegget, som skal føre til

- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av energiforbruk (global oppvarming, forsureing, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved at energiforbruket vert lågare,
- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av bruk av stoff som kan bryte ned ozonlaget, ved at bruken av slike stoff vert mindre,
- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av bruk av stoff som kan føre til global oppvarming.

Kriteria skal òg fremje best mogleg bruk (så miljøvenleg bruk som mogleg) og gjere forbrukarane meir medvitne om vern av miljøet.

Dessutan skal attvinning av apparata fremjast ved at plastkomponentar vert merkte.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar.)

## HOVUDKRITERIUM

1. **Energiøkonomisering**

Apparatet skal tilhøyre energieffektivitetsklasse A+ eller A++, slik det er definert i direktiv 94/2/EF, endra ved direktiv 2003/66/EF.

*Søkjaren skal leggje fram ein kopi av det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i kommisjonsdirektiv 94/2/EF, endra ved kommisjonsdirektiv 2003/66/EF. Dette dokumentasjonsmaterialet skal innehalde rapportar frå minst tre målingar av energiforbruk som er gjorde i samsvar med EN 153, og som skal utførast i samsvar med dei retningslinjene for prøving som det er gjort greie for i «Operational Code» frå CECED. Det aritmetiske gjennomsnittet av desse målingane skal vere mindre enn eller lik det førnemnde kravet. Verdien som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal ikkje vere mindre enn denne gjennomsnittsverdien, og energieffektivitetsklassen som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal svare til denne gjennomsnittsverdien.*

2. **Minske ozonnedbrytingspotensialet (ODP) til kjølemiddel og skumdannarar**

Kjølemidla i kjølekrinsløpet og skumdannarar som vert nytta til isolering av apparatet, skal ha eit ozonnedbrytingspotensial som er lik null.

*I medhald av forordning (EF) nr. 2037/2000 er det ikkje tillate å nytte KFK og HKFK som kjølemiddel og til produksjon av skumdannarar i nytt utstyr og til marknadsføring av nytt utstyr.*

3. **Minske potensialet for global oppvarming (GWP) til kjølemiddel og skumdannarar**

Kjølemidla i kjølekrinsløpet og skumdannarar som vert nytta til isolering av apparatet, skal ha eit potensial for global oppvarming som er lik eller mindre enn 15 (rekna i CO<sub>2</sub>-ekvivalentar over eit tidsrom på 100 år).

*Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava. Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal eventuelt melde frå til det rette organet som vurderer søknaden, om kva kjølemiddel og skumdannarar som er nytta, og om potensialet deira for global oppvarming.*

## TILLEGGSKRITERIUM

4. **Lenging av levetida**

Det skal garanterast at kompatible reservedelar og service er tilgjengelege i tolv år rekna frå det tidspunktet då produksjonen tek slutt.

*Søkjaren skal stadfeste at dette kravet er stetta.*

## 5. Tilbakelevering og attvinning

Produsenten skal utan vederlag tilby å ta tilbake med sikte på attvinning apparatet og komponentar som vert bytte ut, bortsett frå i tilfelle der dei er vortne kontaminerte av brukarane (t.d. apparat som er nytta i medisinsk eller nukleær verksemd).

Apparatet skal dessutan stette følgjande kriterium:

5.1 Produsenten skal syte for at apparatet kan demonterast, og levere ein demonteringsrapport. Rapporten skal m.a. stadfeste at

- koplingane er lette å finne og tilgjengelege,
- dei elektroniske komponentane er lette å finne og demontere,
- produktet er lett å demontere ved hjelp av vanleg verktøy,
- materiale som ikkje høver saman og er farlege, skal kunne skiljast frå kvarandre.

5.2. Plastdelar som veg meir enn 50 gram, skal ha varig merking som syner kva materiale dei er framstilte av, i samsvar med standarden ISO 11469. Dette kriteriet gjeld ikkje for ekstruderte plastdelar.

5.3. Plastdelar skal ikkje innehalde flammehemmande middel av PBB eller PBDE. Plastdelar skal ikkje innehalde flammehemmande middel av klorparafin med kjedelengd på 10-13-karbonatom og klorinnhald > 50 vektprosent (CAS nr. 85535-84-8). Søkjaren skal stadfeste at dette kravet er stetta.

5.4. Plastdelar som veg meir enn 25 gram, skal ikkje innehalde flammehemmande stoff eller stoffblandingar som på tidspunktet då det vert søkt om tildeling av miljømerket, er tildelte nokon av dei følgjande risikosetningane:

Farlege for helsa:

R45 (kan føre til kreft)

R46 (kan føre til arvelege skadar)

R60 (kan skade forplantingsevna)

R61 (kan gje fosterskadar)

Farlege for miljøet:

R50 (svært giftig for vassorganismar)

R50-53 (svært giftig for vassorganismar og kan føre til uønskte langtidsverknader i vassmiljøet)

R51-53 (giftig for vassorganismar og kan føre til uønskte langtidsverknader i vassmiljøet)

slik det er definert i rådsdirektiv 67/548/EØF<sup>(1)</sup>.

Dette kravet gjeld ikkje for flammehemmande middel som ved bruk får endra dei kjemiske eigenskapane sine slik at dei ikkje lenger treng klassifiserast under nokon av risikosetningane ovanfor, og der mindre enn 0,1 % av middelet i den delen som er handsama, har same form som før handsaminga. Alle flammehemmande middel som er nytta, skal vere førde opp (med namn og CAS-nummer) i dokumentasjonen som er lagd ved når søknaden om tildeling om miljømerke vert send over til det rette organet.

5.5. For å lette ei mogleg framtidig attvinning skal det opplysast på apparatet, i nærleiken av eller på merkeplata, kva kjølemiddel og skumdannar som er nytta til isolering.

*Søkjaren skal, med tilvising til kriterium 5.1, 5.2, 5.3 og 5.5, stadfeste at apparatet stettar desse krava. Søkjaren skal syte for at det rette organet som vurderer søknaden, får ein kopi av demonteringsrapporten. Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal opplyse det rette organet om kva kjølemiddel og skumdannarar som er nytta.*

<sup>(1)</sup> TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1. Direktivet sist endra ved kommisjonsdirektiv 2004/73/EF (TEU L 152 av 30.4.2004, s. 1).

*Eventuelle flammehemmende middel som er nytta, skal med tilvising til kriterium 5.4. ikkje vere tildelte nokon av dei førnemnde risikoseiningane, og skal heller ikkje finnast oppførde i vedlegg I til direktiv 67/548/EØF eller seinare endringar av direktivet som gjeld klassifisering, emballering og merking av farlege stoff. Eventuelle flammehemmende middel som er nytta i plastdelar som veg meir enn 25 g, skal vere førde opp i dokumentasjonen som er lagd ved søknaden, med opplysningar om namn og CAS-nummer.*

## 6. Bruksrettleiing

Apparatet skal seljast med ei bruksrettleiing som gjev råd om miljøvenleg bruk, særleg:

- 6.1. Følgjande tekst på omslaget eller på første sida: «Bruksrettleiinga inneheld opplysningar om korleis innverknaden på miljøet kan gjerast minst mogleg».
- 6.2. Tilrådingar om best mogleg drift av apparatet med omsyn til energiforbruk, m.a.:
  - 6.2.1. retningslinjer for rett plassering eller installasjon av apparatet, med oppgjevne minstemål for kor mykje fritt rom det skal vere rundt apparatet for å sikre god nok luftsirkulasjon, og opplysningar om at energiforbruket kan reduserast svært mykje dersom apparatet vert plassert i eit uoppvarma eller lite oppvarma område,
  - 6.2.2. råd om å unngå å plassere apparatet nær varmekjelder (omnar, radiatorar osv.) eller i direkte sollys; råd om å vurdere å isolere apparatet frå varmekjelder i vegger eller golv, der det er mogleg,
  - 6.2.3. råd om at termostaten bør innstillast etter romtemperaturen, og om at temperaturen difor bør kontrollerast ved hjelp av eit høveleg termometer (framgangsmåten bør forklarast),
  - 6.2.4. råd om å avkjøle varme matvarer før dei vert plasserte i apparatet, fordi damp frå matvarene fører til isdanning på fordampingseininga, men òg om at avkjølingstida bør vere så kort som råd av omsyn til hygienen,
  - 6.2.5. råd om at fordampingseininga bør haldast fri for tjukke islag, og at hyppig avising gjer det lettare å fjerne islaget,
  - 6.2.6. råd om at tettingslista i døra bør bytast ut dersom ho er defekt,
  - 6.2.7. råd om å vente ei viss tid før apparatet vert tilkoppa att etter at det er vorte flytta,
  - 6.2.8. råd om at kondensatoren på baksida av apparatet og rommet under det bør haldast frie for støv og feitt,
  - 6.2.9. opplysningar om at dersom dei førnemnde tilrådingane ikkje vert følgde, kan det føre til høgare energiforbruk, og dermed høgare driftsutgifter.
- 6.3. Råd om at all skade på kondensatoren (varmevekslaren) på baksida av apparatet eller annan påverknad som kan føre kjølemiddel i kontakt med miljøet, bør unngåast på grunn av mogleg miljørisiko og helsefare. Rettleiinga skal nemne uttrykkjeleg at det ikkje må nyttast skarpe ting (knivar, skrujarn osv.) til å fjerne is, fordi dei kan skade fordampingseininga.
- 6.4. Opplysningar om at apparatet er framstilt av delar og materiale, medrekna væsker, som kan nyttast om att og/eller attvinnast.
- 6.5. Råd om korleis forbrukaren kan nytte seg av ordninga med tilbakelevering til produsenten.

*Søkjaren skal stadfeste at apparatet stettar desse krava. Søkjaren skal syte for at det rette organet som vurderer søknaden, får ein kopi av bruksrettleiinga.*

## 7. Støygrense

Luftstøyen frå apparatet, rekna som lydeffekt, skal vere høgst 40 dB(A) (re 1pW).

Opplysningar om støynivået for apparatet skal gjevast på ein slik måte at dei er godt synlege for forbrukaren. Dette skal gjerast ved å ta med opplysningane på energiforbruksetiketten for kjøleskap.

Støynivået skal målast og opplysningar om støynivået gjevast i samsvar med rådsdirektiv 86/594/EØF<sup>(1)</sup> etter standarden EN 28960.

Dette kriteriet gjeld ikkje for «fryseboksar til hushaldsbruk» (kategori 9 i vedlegg IV til direktiv 94/2/EF).

*Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava.*

#### 8. **Emballasje**

Emballasjen skal stette dei følgjande kriteria:

- 8.1. Alle delar av emballasjen skal vere lette å skilje frå kvarandre for hand i einskilde materialar, slik at attvinninga vert gjort enklare.
- 8.2. Eventuell pappemballasje skal vere framstilt av minst 80 % attvunne materiale.

*Søkjaren skal stadfeste at dette kravet er stetta, og sende over eitt eller fleire eksemplar av emballasjen til det rette organet som en del av søknaden om tildeling av miljømerke.*

#### 9. **Forbrukarinformasjon**

##### **Opplysningar på miljømerket**

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

- lågt energiforbruk,
- minst mogleg potensial for global oppvarming,
- lågt støynivå.

*Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava, og leggje fram ein kopi av miljømerket slik det ser ut på emballasjen og/eller produktet og/eller den medfølgjande dokumentasjonen.*

---

<sup>(1)</sup> TEF L 344 av 6.12.1986, s. 24. Direktivet endra ved forordning (EF) nr. 807/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 36).